

## Vedtekter for Nemndene i Bondeungdomslaget i Molde

### VEDTEKTER FOR FOLKEDANSNEMNDA

1. Årsmøtet i Bondeungdomslaget vel ei folkedansnemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem. Leiaren blir vald særskilt for 1 år om gongen. Dei andre nemndmedlemmene blir valde for 2 år slik at 1 er på val kvart år. Varamedlemmen blir vald for 1 år. Nemnda er vedtaksfør når 2 medlemmer er til stades. Nemnda vel seg i mellom nestleiar, kasserar og skrivar.
2. Folkedansnemnda er rådgjevande for styret i alle folkedanssaker.
3. Folkedansnemnda skal særleg legge vekt på desse oppgåvene:
  - Arbeide aktivt for å gje folkedansen rom på møter og festar.
  - Skipe til kurs i leik og folkedans.
  - Få fram leiarar og spelemenn ved å få dei med på kurs. Syte for at slike kursdeltakarar blir aktivt med i laget som leikleiarar eller spelemenn.
  - Halde kontakt med leikleieren i fylkeslaget.
  - Stå i nær kontakt med grannelaga for å samordne fellestiltak.
  - Spreie informasjon om folkedansarbeidet utanfor laget og gje tilbod om opplæring til skolar og andre institusjonar.
  - Sende utsendingar på leikmøta.
4. Folkedansnemnda fører tilsyn med bunadane, står for utleige av bunadane og fastset leigevilkåra.

### VEDTEKTER FOR BARNEARBEIDSNEMNDA

1. Årsmøtet i Bondeungdomslaget vel ei barnearbeidsnemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem. Leiaren blir vald særskilt for 1 år om gongen. Dei andre nemndmedlemmene blir valde for 2 år, slik at 1 er på val kvart år. Varamedlemen blir vald for 1 år. Nemnda er vedtaksført når 2 er til stades. Nemnda vel seg i mellom nestleiar, kasserar og skrivar.
2. Barnearbeidsnemnda er rådgjevande for styret i alle saker som gjeld barnearbeid.
3. Barnearbeidsnemnda skal særleg legge vekt på desse oppgåvene:
  - Få med barn i Bondeungdomslaget, og drive barnearbeid i samsvar med føresegnene.
  - Skape interesse hos barna for aktivitetar som står på arbeidsprogrammet til Noregs Ungdomslag, gje dei opplæring i desse aktivitetane, og la dei vere med på å organisere og drive laget sitt.
  - Få fram leiarar for barnearbeid ved å få dei med på kurs og gje oppgåver i laget.
  - Få med foreldra i særskilde arbeidsoppgåver og tilskipingar der det trengs hjelp.
  - Halde kontakt med leiaren for barnearbeid i fylkeslaget.
  - Sende utsendingar til møte om barnearbeid på fylkesplan og landsplan.

## Vedtekter for Nemndene i Bondeungdomslaget i Molde

### VEDTEKTER FOR HYTTENEMNDA

1. Årsmøtet i Bondeungdomslaget vel ei hyttenemnd på 4 medlemmer og 1 varamedlem. Leiaren blir vald særskilt for 1 år om gongen. Dei andre nemndmedlemmene blir valde for 2 år, slik at 2 er på val eit år og 1 eit år. Varamedlemmen blir vald for 1 år. Nemnda er vedtaksfør når 2 medlemmer er til stades. Nemnda vel seg i mellom nestleiar, kasserar og skrivar.
2. Hyttenemnda er rådgjevande for styret i alle saker som gjeld hytta.
3. Hyttenemnda skal særleg legge vekt på desse oppgåvene:
  - Syte for drift og vedlikehald av hytta og eigedomen
  - Føre tilsyn med hytta og bruken av den.
  - Arbeide for at hytta blir brukt av lagsfolk til ulike aktivitetar.
  - Leige ut hytta
4. Hyttenemnda fastset ordensreglar, utleigevilkår og leigesatsar.
5. Gjeldande ordensreglar og prisar for opphald på "Sollia" skal vere oppslegne på ein godt synleg stad i hytta.

### VEDTEKTER FOR STUDIENEMNDA

1. Årsmøtet i Bondeungdomslaget vel ei studienemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem. Leiaren blir vald særskilt for 1 år om gongen. Dei andre nemndmedlemmene blir valde for 2 år slik at 1 er på val kvart år. Varamedlemmen blir vald for 1 år. Nemnda er vedtaksfør når 2 medlemmer er til stades. Nemnda vel seg i mellom nestleiar, kasserar og skrivar.
2. Studienemnda er rådgjevande for styret i alle saker som gjeld studiearbeidet.
3. Studienemnda skal særleg legge vekt på desse oppgåvene:
  - Syte for at medlemmene får eit allsidig og godt studietilbod, og elles gje studietilbod til lokalsamfunnet så langt det trengs.
  - Hjelp til å gjennomføre tiltak som det blir satsa på frå sentralt hald.
  - Syte for at det blir ei samordna og effektiv opplæring av tillitsmenn i alle greiner av lagsarbeidet, syte for at det blir sendt folk til fylkeskurs og landskurs.
  - Sjå til at stønader som laget og kursdeltakarane har krav på, blir utnytta.
  - Hjelp til med å få studietiltak i gang og hjelpe til seinare når det trengs.
  - Sende inn søknader om tilskot, ferdigmeldingar og rapportar om studiearbeidet til rett tid.
4. Studienemnda skal i tillegg vere redaksjon for lagsavisa "Bygdaliv".
5. I "Bygdaliv" skal ein særleg legge vekt på:
  - Orienterer medlemmene om det som skjer i laget.
  - Kunngjere festar og andre tilskipingar.
  - Gje referat frå årsmøte i Romsdal Ungdomssamlag/Noregs Ungdomslag.
  - Få medlemmene til å kome med innlegg.
  - Oppmode til ordskifte i avisa om spørsmål som er oppe i tida.

## Vedtekter for Nemndene i Bondeungdomslaget i Molde

### VEDTEKTER FOR TEATERNEMNDA

1. Årsmøtet i Bondeungdomslaget vel ei teaternemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem. Leiaren blir vald særskilt for 1 år om gongen. Dei andre nemndmedlemmene blir valde for 2 år slik at 1 er på val kvart år. Varamedlemmen blir vald for 1 år. Nemnda er vedtaksfør når 2 medlemmer er til stades. Nemnda vel seg i mellom nestleiar, kasserar og skrivar.
2. Teaternemnda er rådgjevande for styret i alle teatersaker.
3. Teaternemnda skal særleg legge vekt på desse oppgåvene:
  - Arbeide for å auke interessa for teaterarbeid og aktivisere medlemmene.
  - Halde seg orientert om spelstykke og anna litteratur som gjeld teaterarbeid.
  - Fremje bruk av dialekt i teaterarbeidet.
  - Ha eit nært samarbeid med lands- og fylkesteaterleiaren.
  - Ha eit nært samarbeid med studienemnda i laget og legge opp teater- og drama-arbeidet som studietiltak.
  - Få til samarbeid med lokale teatergrupper og Regionteateret/Amatørteaterleiaren.
  - Få medlemmene med på teaterframsyningar og få til ordskifte om framsyningane.
  - Få til kontaktmøte/programutveksling med andre lag.
  - Sende melding om teaterarbeidet til fylkesteaterleiaren.

### VEDTEKER FOR NEMNDA FOR INTERNASJONALT SAMARBEID OG UTVEKSLING (ISU)

1. Årsmøtet i Bondeungdomslaget vel ei nemnd for internasjonalt samarbeid og utveksling (ISU) på 3 medlemmer og 1 varamedlem. Leiaren blir vald særskilt for 1 år om gongen. Dei andre nemndmedlemmene blir valde for 2 år slik at 1 er på val kvart år. Varamedlemmen blir vald for 1 år. Nemnda er vedtaksfør når 2 medlemmer er til stades. Nemnda vel seg i mellom nestleiar, kasserar og skrivar.
2. ISU-nemnda er rådgjevande for styret i alle saker som gjeld kulturutveksling over landegrensene.
3. ISU-nemnda skal særleg legge vekt på desse oppgåvene:
  - Å gje auka kunnskap om andre land sin kultur og fremje vennskap og forståing på tvers av landegrensene.
  - Å søke kontakt med lag og enkeltpersonar i andre land, og vere formidlar av vår kultur utanfor landegrensene.
  - Å ta imot lag og enkeltpersonar frå andre land, og gje dei høve til å formidle sin kultur i vårt nærmiljø.
4. ISU er Bondeungdomslaget sitt kontaktledd i spørsmål om kulturutveksling over landegrensene. Likeeins er ISU kontaktleddet når kommunen eller andre lag ber Bondeungdomslaget om samarbeid i samband med utenlandske kulturutvekslingar.

## Vedtekter for Nemndene i Bondeungdomslaget i Molde

### VEDTEKTER FOR REVISJONEN

1. Årsmøtet vel kvart år 2 revisorar med personlege varafolk.
2. Revisorane bør føre både kritisk revisjon og talrevisjon.
3. I god tid før årsmøtet i Bondeungdomslaget skal revisorane ettersjå rekneskapen til Bondeungdomslaget. Merknader til rekneskap og disposisjonar må noterast.

### VEDTEKTER FOR VALKOMITÉEN

1. Valkomitéen blir vald på eit lagsmøte innan 1. oktober. Komitéen skal ha 4 medlemmer.
2. Komitéen skal foreslå tillitsfolk til Bondeungdomslaget i samsvar med lov og vedtekter.
3. Styret skal levere komitéen oversikt over dei tillitsfolk som skal veljast på årsmøtet.